



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
27/26	Tenesteval for forvaltning og utvikling	04.05.2026

Forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet - høyringsuttale Volda kommune

Samandrag:

Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til forskrift om endringar i utvalde forskrifter på viltområdet på høyring. Forslaget med størst verknad på kommunen sitt arbeid er § 29a, 4. ledd som omhandlar mogleg opning for bruk av termiske siktemiddel. Prosessen er lagt opp til å verte svært omfattande, m.a. med søknad til departementet og utarbeiding av kommunal forskrift kvart 5. år.

Tenesteval for forvaltning og utvikling 04.05.2026

Behandling:

Røysting (åtte røysteføre):

Det vart røysta over tilrådinga frå kommunedirektøren. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

TFU - 27/26 Vedtak

Volda kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel:

Framlegget til **§ 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta** er vanskeleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje unødige store ressursar og er unødvendig byråkratisk, og tek ikkje omsyn til at hjorteforvaltninga skal gå føre seg på større einingar på tvers av kommunegrensar for ta omsyn til hjorten sin arealbruk. Det bør ikkje vere ulike reglar i kommunar som deler hjortebestand, og ei vurdering av bruk av termiske siktemiddel bør difor gjerast på høgare nivå enn kvar kommune. Ei eventuell opning for bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel:

Framlegget til **§ 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta** er vanskeleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje unødige store ressursar og er unødvendig byråkratisk, og tek ikkje omsyn til at hjorteforvaltninga skal gå føre seg på større einingar på tvers av kommunegrensar for ta omsyn til hjorten sin arealbruk. Det bør ikkje vere ulike reglar i kommunar som deler hjortebestand, og ei vurdering av bruk av termiske siktemiddel bør difor gjerast på høgare

nivå enn kvar kommune. Ei eventuell opning for bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

Saksopplysningar:

Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressurslova) trer i kraft 1. juli 2026. Dette gjer at det må gjerast endringar i eksisterande forskrifter, slik at det vert samsvar mellom lovverka.

Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til forskrift om endringar i utvalde forskrifter på viltområdet på høyring med frist 6. mai 2026. Sidan det er tenesteutval for forvaltning og utvkling som har mynde på dette området, vert høyringa lagt fram for dette utvalet, som kan sende uttale på vegne av Volda kommune.

Endringa med størst verknad for kommunen er § 29a, i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av restlysfosterkende og termiske siktemiddel (heretter referert til som termiske siktemiddel) i hjortejakta. Forslaget er:

Landbruksdirektoratet kan etter søknad fra den enkelte kommune tillate at det i kommunal forskrift åpnes for bruk av restlysfosterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort for å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser. I søknaden må kommunen dokumentere et behov for bruk av restlysfosterkende og termiske siktemidler for å avverge alvorlig skade. Slik forskrift kan fastsettes for en periode på inntil fem år om gangen, og skal avgrense bruken av restlysfosterkende og termiske siktemidler til jakt i åpent terreng. Jegeren skal rapportere bruk av restlysfosterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Bakgrunnen for forslaget til § 29a er anmodningsvedtak nr. 746 som sa følgjande: *Stortinget ber regjeringen raskt utforme forskrift som fortsatt tillater bruk av termisk sikte i hjortejakt.*

Det er etablert eit nettverk mellom dei viltansvarlege i kommunane Bremanger, Herøy, Hareid, Ulstein, Kinn, Volda, Ørsta, Stryn, Sunnfjord, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Gloppen og Stad. Nettverket har i fellesskap gått gjennom forslaget som er sendt på høyring, og har samarbeida om saksutgreiing og høyringssvar. Desse kommunane utgjør ein sentral del av det historiske kjerneområde for hjort i Noreg. I overkant av 20 % av alle felte hjortar i Noreg vart felte i desse kommunane i 2025.

Vurdering og konklusjon:

Det er spesielt § 29a, 4. ledd som har stor verknad for administrasjonen i kvar kommune. Slik som forslaget er lagt fram er det lagt opp til ein langtekkeleg prosess der kvar kommune først må grunngje behovet i søknad til landbruksdirektoratet før ein lokal forskrift kan lagast og vedtakast av kommunestyret. Ein må rekne med at eit slikt arbeid vil utgjere fleire dagsverk per kommune. Tilsette med viltansvar i kommunane har allereie stor arbeidsmengde og har ikkje nødvendigvis god kapasitet til å gjennomføre dette arbeidet, som må gjerast kvart 5. år.

I lovverket elles er det lagt fram ønskje om at ein skal forvalte hjorten på bestandsnivå uavhengig av kommunegrenser. Dette er noko det har blitt jobba lenge for å få til. Det blir då ugunstig at reglar rundt jakta skal bli ulike mellom kommunane som kanskje deler bestandsplanområde og vald. Det blir og vanskeleg for jeger, som gjerne jaktar i fleire kommunar i same region, å halde tritt med kva utstyr som kan nyttast kvar. Spesielt vanskeleg er det for dei valda og bestandsplanområda som kryssar kommunegrenser å vite kva som gjeld for dei. Administrasjonen meiner at dette kan bli ei unødvendig tungvint og byråkratisk ordning, som ikkje tek omsyn til at hjorteforvaltninga skal gå føre seg på større einingar på kryss av kommunegrenser for ta omsyn til hjorten sin arealbruk. Det bør ikkje vere ulike reglar i kommunar som deler hjortebestand, og ei vurdering av bruk av termiske siktemiddel bør difor gjerast på høgare nivå enn per kommune.

Det er viktig å understreke at hjorteforvaltninga i Noreg i dag er godt ivareteke der kommunen vurderer utviklinga av bestandet i sine kommunar og tilhøyrande årsleveområde, samt set mål for framtidig utvikling. Jaktresultat og statistikk vert nytta aktivt ved tildeling av løyve og godkjenning av bestandsplanar. Hjorten er ein godt forvalta, og ikkje trua art i Noreg, og mange stader er hjortestamma for stor. Det er tildelte løyve som skal sette rammene for kva dyr og kor mange dyr som blir teke ut i jakta. Termiske siktemiddel må sjåast som eit godt hjelpemiddel for å nå dei måla som kommunen har sett for utviklinga av bestanden. Admininstrasjonen meiner at av forenkling og effektiviseringsomsyn bør ikkje høyringsforslaget vedtakast slik det ligg føre.

Konklusjon

Det er tildelte fellingsløyve og godkjente bestandsplanar som skal vere styrande for måloppnåinga i hjorteforvaltninga i Noreg, og jeger må vite kva dyr som skal takast ut. Bruk av termiske siktemiddel kan vere eit godt hjelpemiddel for å klare å ta ut dei dyra som har blitt tildelt. Dette bør vere grunn god nok til at det kan lagast til ei sentral forskrift i staden for at alle kommunane må lage til eiga lokal forskrift for å kunne bruke termiske siktemiddel.

Admininstrasjonen meiner difor at dette kan bli ei unødvendig tungvint og byråkratisk ordning, som ikkje tek omsyn til at hjorteforvaltninga skal gå føre seg på større einingar på tvers av kommunegrenser for ta omsyn til hjorten sin arealbruk. Det bør ikkje vere ulike reglar i kommunar som deler hjortebestand, og ei vurdering av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast på høgare nivå enn kvar kommune. Ei eventuell opning for bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå, eventuelt av Fylkeskommunen på regionalt nivå.

Rune Sjurgard
Kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak:
Sakshandsamar for oppfølging